



Lars Helge Glomnes  
Frækhaugskogen 9  
5918 Frækhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8486 - 23/604

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
08.06.2023

## **Førebels vurdering av planlagt tiltak - gbnr 323/169 Frækhaug**

Vi syner til Dykkar førespurnad om rettleiing vedkomande planering og etablering av carport. Slik vi forstår det gjeld førespurnad to tiltak, planering og etablering av carport/sportsbod.

### Planering

Du treng i utgangspunktet ikkje å søkje dersom tiltaket fylling/planering der høgdeforskjellen i høve opphavlege terreng ikkje fører til:

- Meir enn 3 meter avvik i spredbygd strøk
- Meir enn 1,5 meter avvik i tettbygd strøk
- Meir enn 0,5 meter i avvik på eigedomar for rekke- og kjedehus i tettbygd strøk.

For alle terrenngrep gjeld er det krav til ei minsteavstand til nabogrense på 1,0 meter i frå fyllingsfot.

Dykkar eigedom ligg i tettbygd strøk, slik at alt terrenngrep over 1,5 meter vil vere søknadspliktig.

### Bruk av rom i kjeller

Det ligg ikkje føre planteikningar slik at vår vurdering vert meir generell på dette punktet. Plan- og bygningslova skilje mellom rom for varig opphald og ikkje- varig opphald. Det vil si at dersom rommet vert nytta som soverom, sjølv sporadisk, vil det vere rekna som rom for varig opphald og teknisk forskrift gjeld fullt ut som eit utgangspunkt.

### Carport

Når det gjeld carport kan den i nokre tilfelle vere fritatt i frå søknadsplikt. Her vil vi anbefale denne testen utarbeida av direktoratet for byggkvalitet:

<https://dibk.no/verktøy-og-veivisere/bygg-uten-a-soke-garasje>

Fritaksreglene frå søknadsplikt inneber at ein er sin eiga sakshandsamar, men denne testen vil vere til hjelp.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lars Helge Glomnes

Frekhaugskogen 9

5918

Frekhaug